

Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Møtebok

Møtedato: 15.6.2020

Møtetid: 09.30 – 13:15

Møtestad: Rådhuset – formannskapssalen

Saksnr.: 12/20 - 15/20

Følgjande medlemer møtte	Parti
Njål Kaardal Golf	Sp
Britt Bruflot Gram	Sp
Jens Rikheim	SV
Guri Olsen	H

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	Følgjande varamedlem møtte	Parti
Egil Natvik Vestrheim	Ap	Halvard Lunden	Ap

Ugilde	Sak	Følgjande varamedlem møtte

Møteleiar:	Njål Kaardal Golf
Frå sekretariatet møtte:	Richard Nesheim
Frå kommunen møtte:	Konstituert rådmann Lars Bogstad, Ordførar Audun Mo Avd.ingeniør Robert Øyen Einemo deltok i del av sak 13
Frå revisjonen møtte:	Magnus Heggen Nedrelid frå KPMG deltok via digital løysing i sak 15
Utdelt i møte:	

Underskrifter:

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Gradering:	Ope/unnateke off.
12/2020	Godkjenning av møtebok		O
13/2020	Skriv og meldingar – saker til oppfølging		O
14/2020	Tertialrapport 1 – 2020		O
15/2020	Vurdering av prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjekt		O

Møtebok Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Sak 12/2020 Godkjenning av møtebok

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Richard Nesheim	15.6.2020	12/2020

Framlegg til vedtak:

Møteboka frå møtet 27.4.2020 vert godkjent.

15.6.2020 KONTROLLUTVALET

KON-12/20 VEDTAK:

Møteboka frå møtet 27.4.2020 vert godkjent.

Samrøystes

Møtebok Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Sak 13/2020 Skriv og meldingar – saker til oppfølging

Sakshandsamar Richard Nesheim	Møtedato 15.6.2020	Saknr 13/2020
---	------------------------------	-------------------------

Refererte skriv og meldingar:

Skriv til orientering for kontrollutvalet

Nr.	Dok. dato	Avsendar	Tittel
1	08.06.2020	Styret i Okken Kraft AS	Utdrag frå årsrekneskapen og årsmelding for 2019
2	23.04.2020	Styret i Lærdal Energi AS	Utdrag frå årsrekneskapen og årsmelding for 2019
3	07.05.2020	Kommunestyret	Protokoll og saksframlegg til sak 35/20 i kommunestyret: Forvaltningsrevisjonsrapport om internkontroll og innkjøp i teknisk drift
4	04.06.2020	Formannskapet	Protokoll til sak 115/20 i formannskapet – Utvalsmoell
5	04.06.2020	Lærdal Senterparti ved leiar Viktor Yttri	Sak om val av styre for Lærdal Energi
6			Eigarskapsmeldinga til Lærdal kommune
7			Organisering av Lærdal kommune sitt eigarskap - oversikt
8		KS	Utdrag frå KS sine «Anbefalinger om eigarstyring»
9	04.06.2020	Formannskapet	Protokoll og saksframlegg frå formannskapet si handsaming av årsrekneskapen til Lærdal kommune

Framlegg til vedtak:

Skriv og meldingar, samt orienteringssaker i møtet vert tekne til vitande. Nærare oppfølging av enkeltsaker må drøftast i møtet.

15.6.2020 KONTROLLUTVALET

Drøftingssaker:

1. Kontrollutvalet drøfta kva saker ein ynskjer orientering om frå administrasjonen i neste møte.

Orienteringar i møtet:

Til møtet hadde kontrollutvalet bedt administrasjonen om ei nærare orientering om følgjande saker:

1. Status på oppfølginga av tilrådingane som kom i forvaltningsrevisjonsrapporten om økonomistyring i 2017.

Rådmann Lars Bogstad orienterte. Totalt var det ni tilrådingar i forvaltningsrevisjonsrapporten. Kontrollutvalet bad om, ved handsaming av rapporten, at administrasjonen prioriterte tilråding nr 1, 5 og 7 i sitt arbeid. Nedanfor er tilrådingane lista opp, med kommentar

Tilråding nr 1:

Sørgje for at kommunen sitt økonomireglement blir oppdatert og justert i samsvar med dei roller og funksjonar som finst i kommunen

Status: Kommunen har ikkje fått nytt økonomireglement. Ein har sett i gang ein prosess i lag med Aurland kommune og målsetjinga er å få på plass mellom anna nytt økonomireglement og innkjøpsreglement i løpet av hausten.

Tilråding nr 2:

Sørgje for at delavtalar under overordna samarbeidsavtale mellom kommunane Aurland og Lærdal om tenester innan løn og rekneskap blir utarbeidd og gjort tilgjengelege for relevante tilsette i Lærdal kommune

Status: Tilråding nr 2 er ikkje gjennomført.

Tilråding nr 3:

Sørgje for at det blir utarbeidd meir detaljerte skildringar av roller og ansvar på økonomiområdet, der mellom anna viktige oppgåver som følgjer av ulike roller og ansvar er skildra.

Status: Tilråding nr 3 er ikkje gjennomført.

Tilråding nr 4:

Formaliserer sentrale krav til samhandling og informasjonsflyt knytt til økonomistyring gjennom skriftlege retningsliner og rutinar

Status: Tilråding nr 4 er ikkje gjennomført.

Tilråding nr 5:

Utarbeider skriftlege retningsliner og rutinar som tydeleggjer ansvar og oppgåver knytt til budsjettarbeid og justering av budsjett gjennom året

Status: Kommunen har utarbeidd rutinar. Men etter at rutinane var utarbeidd har det vore ei omorganisering – slik at desse rutinane må oppdaterast.

Tilråding nr 6:

Utarbeider skriftlege retningsliner og rutinar for arbeidet med oppfølging av budsjett på ulike nivå i organisasjonen

På dette området er det gjort mykje arbeid. Det er no månadlege møter på einingane med ein dedikert økonomiarbeidar.

Tilråding nr 7:

Sørgjer for at årsbudsjett i auka grad blir periodisert, slik at det blir lagt til rette for betre årsprognosar gjennom året.

Status: Denne tilrådinga er følgt opp og budsjettet blir no periodisert.

Tilråding nr 8:

Utarbeider skriftlege retningsliner og rutinar for rapportering, som tydeleggjer krav til innhald og form på rapporteringa frå tenesteeiningar til kommunalsjef og frå kommunalsjef til rådmann.

Her har det no vore ei omorganisering slik at ein ikkje lenger har kommunalsjefnivå. Når det gjeld rutinar på rapportering er desse delvis utarbeidd – men det vert vist til eit økonomireglement som ikkje er oppdatert.

Tilråding nr 9:

Kartlegg kva kompetanse og oppfølging det er behov for på økonomiområdet, og sikrar at leiarar og andre tilsette har naudsynt kompetanse for å utføre dei oppgåver dei har ansvar for.

Dette er ikkje gjennomført – men ein bør kunne ha dette på plass i løpet av kort tid.

Rådmannen var ikkje nøgd med at ein ikkje var komen lenger og gav utrykk for at ein må få følgt opp alle tilrådingane innan 1. november 2020.

2. Status på gjennomføring av investeringsbudsjett, og endeleg sluttregneskap for utbygginga av nye omsorgsbustader

Avdelingingeniør Robert Øyen Einemo informerte om endeleg sluttregneskap for utbygginga av nye omsorgsbustader. Totalt sett kom ein ut med eit mindreforbruk på om lag 6,5 mill kr.

KON-13/20 VEDTAK:

1. Skriv og meldingar, samt orienteringssaker i møtet vert tekne til vitande.
2. Til neste møte ønskjer kontrollutvalet ei oppdatering på utviklinga i sjukefråværet i kommunen. Vidare ønskjer kontrollutvalet ein ny statusrapport i høve til kor langt

administrasjonen er komen med å følgje opp tilrådingane i forvaltningsrevisjonsrapporten frå 2017 knytt til økonomistyring. Kontrollutvalet ønskjer og ein oppdatert status knytt til innkjøp.

3. Kontrollutvalet viser til brev frå Lærdal Senterparti, ved leiar Viktor Yttri der dei tek opp spørsmål kring styreval i Lærdal Energi AS

Kontrollutvalet vil innleie med at kontrollutvalet si oppgåve er å følgje opp kommunestyret sine vedtak, samt sjå til at forvaltninga i kommunen er i samsvar med lov og regelverk.

Når det gjeld Okken Kraft Holding AS er det i kommunestyresaka ved opprettinga av selskapet, sak 36/19 – vedteke følgjande:

Punkt 3 i vedtaket:

«Kommunestyret vel styre etter føringar lagt i kommunen si eigarskapsmeldinga, der det er lagt vekt på at styret i Okken Kraft AS skal ha god fagleg samansetjing, og at det bør leggjast vekt på at styret skal representere røynsle og kompetanse på felt som er relevante for eit energikonsern. Her kan spesielt nemnast kompetanse innan forretningsutvikling, juss, økonomi og marknad. føresett at kommunestyret fungerer som generalforsamling.»

I eigarskapsmeldinga står følgjande om styret i Okken Kraft Holding AS:

« I det ein viser til tidlegare punkt i meldinga er det viktig at styret i Okken Kraft AS har god fagleg samansetning og at det bør leggjast vekt på at styret skal representere røynsle og kompetanse som er relevante for eit energikonsern. Her kan spesielt nemnast kompetanse innan forretningsutvikling, juss, økonomi og marknad»

Det er, så vidt kontrollutvalet kjenner til, ingen føringar i eigarskapsmeldinga, eller i andre kommunale vedtak, på korleis Okken Kraft Holding AS skal utøva si eigarmakt i dotterselskapet Lærdal Energi AS, eller andre dotterselskap.

Eigarskapsmelding til Lærdal kommune er frå 2018 – då var ikkje Okken Kraft Holding skipa.

Kontrollutvalet registrerer at det har vore uro kring val av styremedlemmer i Lærdal Energi. Kontrollutvalet meiner forhold kring val av styremedlemmer i Lærdal Energi ikkje er ein del av kontrollutvalet sine oppgåver å følgje opp. Denne oppfølginga meiner kontrollutvalet ligg til generalforsamlinga i Okken Kraft Holding AS – det vil seie kommunestyret.

Kontrollutvalet meiner det er svært viktig med klare retningslinjer for styring av kommunen sin eigarskap i ulike selskap. I lys av dette vil kontrollutvalet oppfordre til at kommunestyret tek eigarskapsmeldinga opp til ny handsaming og legg klare retningslinjer for korleis kommunestyret ønskjer at val av styre i Okken Kraft Holding AS, samt dotterselskap skal organiserast i tida framover.

Møtebok Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Sak 14/2020 Tertialrapport 1-2020

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Richard Nesheim	15.6.2020	14/2020

Framlegg frå sekretariatet:

Tertialrapporten for 1. tertial vert teken til vitande.

15.6.2020 KONTROLLUTVALET

Det vart kommentert i møtet at kommunen vil få om lag 1 mill. kr mindre i utbytte frå Okken Kraft Holding AS, enn det som er budsjettert. Dette er ikkje reflektert i tertialrapporten.

KON- 14/20 VEDTAK:

Tertialrapporten for 1. tertial vert teken til vitande.

Samrøystes

Møtebok Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Sak 15/2020 Vurdering av prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjekt

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Richard Nesheim	15.6..2020	15/2020

Framlegg frå sekretariatet:

Kontrollutvalet vil, med bakgrunn i plan for forvaltningsrevisjon, setje i verk ein forvaltningsrevisjon av heimetenesta i i samsvar med framlagt prosjektplan frå KPMG.

15.6.2020 KONTROLLUTVALET

Magnus Heggen Nedrelid frå KPMG deltok via videokonferanse. Kontrollutvalet kom med innspel til endringar i prosjektplanen.

KON- 15/20 VEDTAK:

Kontrollutvalet vil, med bakgrunn i plan for forvaltningsrevisjon, setje i verk ein forvaltningsrevisjon av heimetenesta i i samsvar med framlagt prosjektplan frå KPMG, samt dei endringane av prosjektplanen som kontrollutvalet kom med innspel om i møtet.

Samrøystes

Møtet slutt